

## Kommentarar til prognoseinntaket

Saka om klassetal og klassestørrelse har vore diskutert i leiinga, i Informasjons- og drøftingsutvalet, samt klubbane og kollegiet i fellesskap

### VG1: Helse- og oppvekstfag

Skulen ønskjer å ta i mot **alle primærskolarne** samt sekundærskolarar. Føresetnaden for at vi ønskjer å oppretthalde to klasser er det totalt vert 30 elevar slik at vi får grunnlag for to klassar. Slik finansieringssystemet til skulane er per i dag, vil skulen gå med underskot viss vi har klassar med færre enn 15 elevar. Skrivet antyder at det kan bli klassar med ein del utfordringar og av pedagogiske tilretteleggingsomsyn ønskjer vi derfor å halde **elevtalet på 15 per klasse** om det er elevgrunnlag for to klassar, viss ikkje skal vi greie å legge til rette for dei 20 primærskolarne

### VG1: Minoritetsspråklege elevar

Skulen byrjar no å få god erfaring med slike grupper og har fått etablert eit godt team rundt denne klassen. **Vi ønskjer derfor fortsett å ha tilbodet**

### VG2: Barne- og ungdomsarbeidarfaget

Vi ønskjer alle primærskolarar som er kvalifisert for inntak til VG2 sjølv om det overstig 15 elevar. Både romtilhøve og lærartilhøve på skulen tilseier at **ein klasse på inntil 22 elevar** skal fungere greitt.

### VG2: Helsefagarbeidarfaget

Skulen ønskjer alle primærskolarar som er kvalifisert samt sekundærskolarar. **Skulen kan ha ein klasse med inntil 20 elevar.**

### VG3: Allmennfagleg påbygg

Skulen har tidlegare ønskt to klassar på påbygg og har inneverande skuleår hatt ein VG3 samt ein VG4 fagbrevsklasse. Dette er også vårt ønskje for neste skuleår, då vi ser at ein VG4 klasse verkar stabiliserande på skulemiljøet. Vi har likevel forståing for at nedgang av søkjarar på Hordalandsbasis får følger også for Lønborg vgs. Vi har plass til 27 elevar i dei største klasseromma og det er derfor taket på kor mange elevar vi kan ta i mot på trinnet

Kerstin Karlsen